Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Beit og brom

Oppskr. av: Helmert Hylen

(adresse): Sör-Hidle i Ryf.

Fylke: Rogaland

Herad: Sand

Bygdelag: Hylsfjorden og Vintralia

Gard: Hylen

G.nr. 23 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Har vorte nytta fram til 1940-åra.
Namnet var beit.
Treslag: Bjørk, alm, selje; furu berre delvis og vart rekna for dårlegare fôr.
Brakje (le) (einer) vart og nytta til geit og vart lagd ute i tunet der geitene åt sjölv.

2. Blita.
Ingen spesielle slede. Vart helst nytta drågsle på tolkeföre og meiasle på snöföre.

3. I jan. og febr., men og så i siste halvdel av des. om vinteren var hard.
Vart sjeldan nytta. Greinene vart hogde av i skogen og köyrt heim serskilt.
Sveg (brom) vart henta heim då saven kom i skogen i siste halvdel av mars.

4. Reiskapen til sveging og beiting var lauvkniv. Lauvkniven var ein kniv på ca 30 cm lang og

15032

3 tommar brei med skaft. 

5. Foret vart serleg nytta til sau og geit, men også kyrne om fornauda var stor.
Alle dyra åt så langt av greinene sjölv, så langt dei greidde tyggja.

6. Til sau og geit fekk foret ute, spreidd på gardsplassen, medan kyrne fekk det i båsane.
Kyrne fekk ikkje greina

7. Den nemnde skikken er ukjend for meg.

15032

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING